

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36.

Fylke: Møre og Romsdal.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Haram.

Emne: Helsing, atferd og fakter.

Bygdelag: Skuløy.

Oppskr. av: Karl Rogne.

Gard: Rogne.

(adresse): Longva. Skuløy.

G.nr. 7, Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eige vitende.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Det stend noko paa um folk er i jamnalaget eller i "ekse". I jamn samtale segjer ein "ja" og "nei" utan rørslor med hand eller hovud. Vert ein skulda eller mis-  
~~kydd~~ trudd for noko ein ikkje vil ha paa seg, strikar ein sumtid under "nei" med hovudristing, motberleg handføring og tilmød fottramping. Skal eit "ja" serleg stadfestast, gjer ein det ved aa nikka med hovudet.

Er samtalen serleg truhjartig, eller den svipar inn på noko løynleg som ein ikkje nemner til kven som helst, knyter ein gjerne "du" til svarordet, so det vert "ja du" el. "nei du". I slike høve legg ein ~~gjærna~~ sumtid handi ~~paa~~ smeikjande paa herdi aat den tiltala, so svarordet skal faa større vikt og vera urikkande til truande.

2. Paa kjens folk som ein møter, helsar ein alltid um ein vil ha ord paa seg "aa fara som folk". Møter ein villframande, helsar ein jamnast ikkje, utan den eller dei helsar fyrst, men daa svarhelsar ein.

3. Nei. Daa gjekk/gjeng det gjerne so at baee helsar med ein gong mest i munnen paa kvarandre. Møtte ein presten eller ein annan høgrestaande person, tilsa god folkeskikk aa helsa fyrst paa denne.

4. Vanleg kvardagshelsing var "godt mot". Dersom det var 7683

lenger tid sidan dei møttest, var det attaat "godt mot" ogso handhelsing med "god dag" el "velkomen att" o. dl. etter som det høvde. Møtte ein folk som sat og kvilde ved vegen, sa ein "signe kvila" el."sit i fred". Var nokon i arbeid ved vegen, helsa ein med "signe arbeidet". Helsingssmaaten var den same for menn og kvinnor. Born gjer jamnt som dei eldre.

5. Prest og embetsmann helsa ein serskilt paa ved aa letta paa huva eller hatten. Elles var det ikkje vanleg aa letta paa hatt eller huva naar ein møtte skyldfolk og ~~XXX~~ grannar so til vanleg. Gjorde den framande det, vart det gjort attergjeld soleis. Embetsmenn vart helsa paa som presten. Baud dei fram handi til helsing, tok ein imot og helsa att. Storbønder og brukseigarar er det ikkje her, so dei slepp folk helsa paa.

6. Dette aa halda hatten med baae hendene, eller huva under armen naar ein helsar, er ukjent her.

7. Nokon sers skilnad paa helsingssmaaten um ein var klædd i høgtids- eller kvardagesbunad, kann ein snaudt segja det er hjaa oss. Einast kann vera at helsingi er nokolite meir høgtideleg eller vyrdeleg i fyrste høvet. Det er snaudt klædi som gjer dette, men helgi eller høgtidi som klædi ~~som helgi~~ peikar ~~XXX~~ til.

8. Kom ein paa vitjing, var det vanleg vis aa helsa paa alle i huset, baade husbondsfolk og born, til med dei minste, og tenarar. (Sjaa og svar til sp. 4).

9. Ein og annan kunde nok klappa paa oksli, men det var ikkje vanleg. Det kunde vera naar ein hadde vore lenge burte og gleda var sers stor yver heimkoma, eller ein var mykje smeiken.

10. Det var ikkje vanleg, det eg veit, at mennene tok av

seg hatten um dei hørde kyrkjeklokka naar dei gjekk heime i sitt arbeid. Dei berre stana litt og lydde. So gjorde baade kar og kvinna. Men var dei paa kyrkjeveg, letta alltid karane paa hatten naar dei hørde kyrkjeklokka ringja.

11. Møtte ein liferd eller brurefylgje, gjekk ein alltid til side paa vegen, so fylgjet kom uhindra fram. Var ein køyrande, kørde ein og hesten til side. So helsa ein med hatten med same likbaara eller brudeparet for framum. Ved likferdsmøte var andlitsdragi aalvosame og synte medkjensla, men møtte ein eit brurefylgje synte ein gleda ved smil og nikking. Ja, ein kunde og ynskja "lukka til!"

12. Eg veit um ei kona som sa "god natt" til dyri naar ho gjekk or fjøset um kvelden. Men dette var so uvanleg at folk tala um det. Elles er helsing paa ting og dyr ukjent no. Truleg var helsing paa slike ting ikkje uvanleg den tid folk trudde paa hulder, nissar og dvergar.

13. "Gomorn" er fraa ein vaknar og stend upp um morgonen til midmorgon i 9-tidi. Sidan er det "goddag" med det er dagsljøs. Etter non i 5-tidi (kl.17) er det "god kveld". "God-natt" er det naar eig gjeng til sengs, eller ein gjeng heim til seg um kvelden. Nemningane "morn", "god efta" og "god aften" er ikkje brukt. Vilde ein bruka "morn" eller "god aften", maatte han vera budd paa faa latten etter seg, - um ikkje nett i høgmalom, so likevel i mutom.

14. Um ein ikkje nett ser slik helsing for usømeleg, so tykkjer ein det er aa flira aat likevel. (Flirande som Vinje sa). Folk driv ap med slik helsingssmate og tykkjer det er aa læ aat at folk ikkje greider halda skil paa dagtidene. Det er berre "spradar" som fer med slik helsingssmate.

15. Segjer ein "gomorn" eller "morn" um kvelden, vil folk spørja: "Er du nyst uppe?" eller: "Veit du ikkje kva dagen lid?" Vil ein vera sers spitig, segjer ein gjerne: "Kvar er du fraa?" Slik helsing er so flirande at tilmed born varest paa den. Naar karen er vel ut or døri, smell laatten laust. Og dei segjer: "Stakaren veit ikkje gjera skil paa dagtidene", og so frygder heile huslyden seg paa hans kostnad.

16. Ein er nøgjen med dette. Born vert tilhaldne bruka rette helsingssmaaten til kvar tid paa dagen, elles kann dei risikera faa laatten yver seg, og den bit so vidt sterkt, at foreldri vil spara borni for den.

17. Dei gamle var visst meir høgtidsame og vyrdelege med si helsing. Soleis var det vanleg aa helsa naar dei kom inn i eit hus: "Guds fred i huset! No er det "gomorn", "god-dag" eller "god kveld" etter dagtidi. Sit folk og et, er det "signe maten. Er dei i arbeid, er det "signe arbeidet" eller "signe strævet" um arbeidet ser strævalt ut. "Signe kvila" um folk sit og kviler, og "Signe laget" um fleire er i lag, um ikkje nett i vanleg arbeid.

18. Eg kjenner ikkje til andre tiltalemaatar enn dei under sp. 17 nemnde. Alle byrjar, som ein ser, med ordet "signe" som er ei avstyting av "velsigne".- Dei som fekk helsingi svara jamnast "takk". Stundom kunde helsing og takk gaa paa rim som: "Sit i fre", "kom so te", eller "velkomen te".

19. I slike høve sa 'kje gjesten vanleg "god dag inne og" her hjaa oss. Anten sa han berre "god-dag", eller "goddag i huset" um helsingi skulde vera meir vyrdeleg eller høgtidsam.

20. I slike høve brukt ein ordlag som: "Eg vilde (skulde) gjerne ha snakka nokre ord med deg i einrom, um det kunde høva seg so". Eller: "Kann eg faa snakka nokre ord med deg under fire augo?". Ordleggingi forma seg i stor mun etter erendet.

Ogso etter korleis spyrjaren var til sinns. Men det høyrde til god folkeskikk aa ordleggja seg paa ein finsleg måte, og det førde sumtid til at ein brukte mange ord. Dette treng ikkje tyda at dei mange ordi skulde løyna eit daarleg erend. Dei kann heller tyda paa høvvisk framferd.

21. Fyrr var det ikkje vanleg aa pikka paa døri fyrr ein gjekk inn. No er det reint aalment aa gjera det.

22. Dei inne svara: "Kom!" eller "Kom inn!" Den som inn kom skulde fyrst helsa so som det høvde med skikk og bruk. Han skulde staa ved døri til han vart bedd setja seg, og so til vanleg taka huva av seg, um det var ein kar. Han skulde ikkje busa ut med erendet sitt med ein gong utan det var noko sers som stod paa. Naar dei baud fram sess, vart det sumtid svara: "Aa de skal ikkje bry dykk for mi skuld". Vart det berre eitt menneskje i stova, vart brukt "du" og "deg" istaden for "de" og "dykk".

23. Sjaa svar til sp. 22 ovanfor.

24. I eldre tid var det ikkje vanleg vis aa taka av seg hatten el. huva straks ein kom inn, allvisst ikkje fyrr ein vart bedd setja seg. No nekjer ein alltid hovudet med same ein kjem inn um døri.

25. "Set deg paa stolen" eller "set deg frampaa benken".  
No gjerne i sofaen og.

26. Nei.

27. Ein var vanleg ikkje braasnar aa helsa paa ein heilt framand. Med eit snøgt augnekast tok ein "maal" av den framande. Det var han som fyrst maatte helsa. Gjorde han ikkje det, vart det ingi helsing av.

28. Mot heilt framande var ein oftast "avmaalt" til aa byrja med utan aa vera uhøvvisk. I eldre tid var det ikkje uvanleg aa turka av stolen fyrr den vart sett fram til framandkaren.

29. Innbedne gjester handhelsa ein paa og sa: "Velkomen skal du vera!", eller: "Sant var det gildt du saag inn til oss, so du er rett velkomen!" Eller andre liknande ordelag. Var gjestene fleire, vart brukt "de" istaden for "du" og so "velkomne".

30. Naar grannar eller slike gjekk, sa dei "god natt" um det var um kvelden. Andre tider paa dagen kunde det vera "liv vel" eller "farvel" el. likkande. Aldri "gomorn" naar ein gjekk. Tilsva<sup>r</sup> fekk han oftast same ordi att, gjerne tilknytt - "du med". "Liv vel, du med" o.s.b. Eller "deg det same".

31. a. "No maa de liva vel og ha det godt!" Og so knytte han gjerne til: "de skal faa høyra fraa meg! Born fekk ofte ei serskild formaning um aa vera snilde og lydige.

b. I slike høve var avskilsordi sagde meir høgtidsamt.  
"Ja, no maa de liv-a vel alle saman! Sjaa<sup>st</sup> me ikkje meir her i verdi, so gjev me møtest paa ein betre stad!"

32,33,34,35,36,37 og 38. Dette med kyssing i høve som her er nemnd, er ukjend og ikkje brukt her hjaa oss. Det ser mest ut som folk hev mothug mot slik helsing eller glede- ytring. Ei mor kann nok kyssa sogebarnet sitt paa hand, fot, kinn eller panna utan nokon mislikar det. Kjeraste- folk - og ektefolk med - kysser nok kvarandre, men ikkje i folks paasyn. Det vilde verta umtala som utidig kli- ning. Aldri, det eg veit, vert born bedd kyssa nokon.- Folk paa jamnaden ser mest paa kyssing som "mørkets gjer- ning", difor maa det gjerast i mutom, um ein vil fara med slikt.

39. Var ein komen rett i godlag med smaaborn, kunde ein få "byta nase" med dei.

40. Baade foreldri og andre vaksne kunde faa "byta nase" med born, naar dei fyrst kom i det laget.
41. Til moro med born kunde vaksne og faa "stela nasen" dei-  
ra. Ein tok daa nasen millom peike- og langfingerknuven  
og kneip linnt aat, og sa: "No tok eg nasen din!"
- 42 og 43. Mykje lite brukt, um det i det heile er brukt.
44. Etter altargang (nattverd) helsar kjenningar kvaran-  
dre med "lukka og sæla", eller "lukka og saligheit", sa  
sume.
45. "God" el. "signa jol". "Godt aar". "Lukka med laget" i  
festdagar. "Lukka med dagen" var fødselsdagsynskjet. Ved  
truloving: "Til lukka med trulovingi". Ved brudlaup:  
"Gjev helsa og lukka fylgje dykk!"
46. Ved dødsfall og motgang elles vart sagt minst mogleg.  
Det kunde vera: "Gud sjaa til deg og oss alle i naade."  
Medkjensla kom mest til syne ved stilla og sorgsame and-  
litsdrag. Summe brukar no det lettkjøpte: "kondolerar".
47. I slike høve vart vanleg brukt berre "takk", eller:  
"Takk skal du ha". Eller og: "Takk at du kom!"
48. Sumtid takkar ein næsskylding paa vegne aat den avlidne  
anten i heimen, i bedehuset eller i kyrkja. Denne takki  
hev ikkje noko serskilt namn.
49. Ved aa snu seg fraa og gaa sin veg. <sup>1)</sup> Grovaste maaten  
er aa "klappa seg paa baken".
50. Den vanlege tiltaleform millom folk er alltid "du".  
"De" vert brukt til presten, og framande som ter seg som  
"storfolk". Hjarteleg meint er dette "De" knapt nok.  
"I" eller "Jer" er aldri brukt.
51. Nei.

*1) Den største minna ein kann gjeva ei vordra, & mykje a  
svara, sa dei gamle.*

Karl Rogne.